

## Botanikk og gruvedrift i Repparfjord

Som dei fleste her i landet trulig har hørt, var det sommaren 2021 ein leir av aksjonistar på Markoppneset i Repparfjorden, i det som i 150 år var Kvalsund kommune, no oppspist av Hammerfest. Dei hadde sett seg føre å stoppe den planlagte koppargruva, som er omtalt som Noregs største planlagte forureining. Mange kjenner til at rundt 70 millionar tonn avgangsmasse skal dumpast i fjorden rett ut for Markoppneset. Derimot har det vore langt mindre merksemd om verknadane for det biologiske mangfaldet på land, anna enn som føde for reinen som beitar her.

Etter eit tiår med strid, bestemte regjeringa i 2019 endelig å gi Nussir ASA driftskonsesjon. Denne bygde bl.a. på ei konsekvensutgreiing om biologisk mangfald gjennomført i full fart av Sweco i 2011. Kvaliteten av denne utgreiinga skal vi her la ligge, han kunne vore gjenstand for ein heilt eigen artikkel. Det som teller her er grensene for utgreiinga. Denne omfatta delar av det området Nussir ASA opprinnelig hadde tenkt å bruke, og ikkje verken Markoppneset eller tilliggande område som no skal takast i bruk til gruva.

På dette neset var det derimot andre planar. Kvalsund kommune hadde i 2004 avgjort å tilby industriområde her til den som ville ha det. Bare dei skapte arbeidsplassar, noko som i lag med skatteinntekter var mangelvare i ein kommune som hadde fått halvert folketalet siste 50 åra. Utanom ei avgangsleidning i fjæra skulle ikkje gruveselskapet gjøre noko på neset, det hadde planlagt oppreiingsanlegget sitt eit par kilometer lenger inne i fjorden, der det sto eit gamalt anlegg frå tidligare gruvedrift.

Så skjedde det noko som skulle komme til å endre planane. For kommunen hadde det ikkje gått så fort som forventa å få utbyggarar til industriområdet. Samtidig kom det ein knute på tråden mellom gruveselskapet og noverande brukarar av det gamle anlegget. Så dei blei enige om at det høveligaste for begge partar var at Nussir-anlegget blei flytta til Markoppneset. Det kunne da ingen ha noko imot, området var jo for lengst blitt eit industriområde. På papiret og på Kvalsund kommune sine arealplankart. I praksis, derimot, var det lite som minte om industri der. Der var ein vegstump som kommunen hadde fått bygd og asfaltert for eit par år sidan, med tanke på tilgang til det framtidige industriområdet. Elles besto neset på ein knapp kvadratkilometer av nokre få eldre hus av typisk finnmarsk gjenreisningstype, nokre meir eller mindre gjengrodde jorde, kulturminne frå steinalderen til etterkrigstida og elles inngrepsfri natur med ei rekke naturtypar representert frå fjæra og strandeng til myr og tørre rabbar.

I juli 2021 gav så Hammerfest kommune Nussir ASA byggeløyve til å starte anleggsarbeid på Markoppneset. Det var likevel lettare sagt enn gjort å komme i gang. Der dei skulle starte anleggsarbeidet sto det nemlig ein låvvu og i den sat det dag og natt vakter for å varsle om noko utbygging blei forsøkt sett i gang. Og i andre enden av Markoppneset, omlag 1 km lenger nord, der hadde Natur og Ungdom og andre miljøaktivistar sett opp ein leir med målsettinga å stanse heile Nussir-gruva.

I slutten av juli 2021 kom eg første gong til leiren, som gikk under namnet Markoppneset. Reinbeitedistrikt 22 Fieltar hadde da nettopp meldt Nussir ASA til politiet for ulovlig anleggsarbeid, bl.a. fordi det ikkje var gjennomført noko konsekvensutgreiing for reindrift i anleggsområdet. Kva så med konsekvensutgreiing for biologisk mangfald, tenkte eg, er det gjort? Det var ei enkel sak å sjå av kartet at dette området ikkje var omfatta av Sweco si utgreiing. I tilfelle det var gjort noko utgreiing, måtte det vere gjort spesielt for Markoppneset. Eg kontakta derfor Hammerfest kommune og etterlyste utgreiinga. Du skal få henne i morgon, svarte plansjefen. Så blei det stille. Da var vi trygge på at noko slik utgreiing ikkje var gjort, og så skreiv fire organisasjonar eit felles brev og kravde utbygginga stansa til konsekvensutgreiing var gjort og behandla.

Vi kravde ei utgreiing om biologisk mangfald på Markoppneset, men kva visste vi om kva som var her? Ikkje så mye. Ei leiting i Artsdatabanken viste at her var gjort minimalt, for planter var det bare nokre ganske få funn registrert, og dei virka ganske tilfeldige. Men kven kunne gjøre noko med det? Ingen av oss som da var på leiren hadde noka botanisk utdanning. Sjølv hadde eg i yngre år samla eit herbarium med eit tusentals artar, og etter nokre kurs i mat- og medisinplaner og litt arbeid med natursenter kjente eg meg såpass kompetent at eg våga å kalle meg for amatørbotanikar.

Ut frå ordtaket om at i dei blinde sitt rike er den einauga konge, tok eg så leiinga og fikk med seks andre glade amatørar med sterkt varierende botanikkunnskapar. Vi la i veg rundt på neset for å sjå kva vi fann, og etter eit par timar hadde vi eit 70-tals artar på lista. Med ei litt anna gruppe gikk eg etterpå ei litt anna løype og talet på artar nærma seg no hundre. Dette var for så vidt nok til at vi kunne seie her var eit rikt botanisk mangfald, men vi såg snart at kunnskapane våre ikkje strakk til og at vi samtidig skulle hatt meir tid på jobben.

Løysinga skulle bli to masterstudentar i botanikk frå UIT. To veker seinare hadde eg fått med meg kona mi, som er utdanna urteterapeut og dermed også kan ein del om å kjenne igjen planteartar. Vi kjørte til Hammerfest flyplass og plukka opp studentane. Same dagen var vi ute i terrenget i lag med fotoapparat, notisblokk og pose for samling av planter. Vi fikk sjå kor mye betre det gikk når vi fikk med nokon som kunne skilje grasartar, starrartar og ikkje minst mosar og lav. Dei kunne skilje forskjellige mjølker og arver og slikt som vi amatørane hadde meir enn nok med å plassere i rette slekta. Dagen etter måtte vi reise vidare, men dei to studentane blei der enno nokre dagar og gikk gjennom området på kryss og tvers. Og meir og meir fann dei. Vi blei alle forundra og imponerte over kor varierende naturen på Markoppneset er, kor mange forskjellige naturtyper det er her. Etter litt etterarbeid kunne vi i lag legge fram ei liste med 173 artar av planter, lav og sopp, som kan lesast på <http://nussir.info/plantemarkop.pdf>.

Dette har altså kommunen vedtatt å legge under asfalt og betong utan å ha det minste peiling på kva som veks der, eller kva fugleslag som hekkar der. Dei har bestemt at det heller ikkje skal undersøkast kva som finst, sånn for sikkerheits skuld, for om ein finn ein raudlista art eller ti, så kan det legges kjelkar i vegen. Derfor er det best å ikkje vite. Her kan det likevel hende dei har forrekna seg. Takka vere dei botaniske undersøkingane og protestbreva frå motstandsorganisasjonane måtte kommunen godta at saka blei sendt over til Statsforvaltaren for avgjerd om det måtte konsekvensutgreiing til, eller om dei kunne starte opp anleggsarbeidet no. Etter at Hammerfest kommune hadde sende brev til Statsforvaltaren om at dei heldt fast ved at det skulle byggast utan konsekvensutgreiing, fann Naturvernforbundet ut at her var på plass med litt tilleggsinformasjon, og skreiv brev til Statsforvaltaren med den lille botaniske undersøkinga vår vedlagt. Den dagen dette brevet skulle sendast, kom Artsdatabanken med oppdatert raudliste for artar. I siste lita fikk vi derfor med at 5 av artane vi hadde funne på Markoppneset no var på raudlista, i tillegg til den raudlista naturtypen strandeng.

Svaret frå Statsforvaltaren var lova innan 06.12.2021, men det varte og det rakk utan at det kom noko svar. For å halde oss til botanikken og zoologien verka det som Statsforvaltaren i Troms og Finnmark sat som ei barkbille mellom barken og veden, og ikkje visste kva veg han skulle ta for å forsøke å komme seg ut av dette. Nesten tre månadar på etterskot, 02.03.2022, kom så svaret frå Statsforvaltaren. Og sett frå naturen si side: Den som ventar på noko godt, ventar ikkje forgjeves. For svaret var at kommunen sitt byggeløyve blei oppheva, og saka må behandlast på nytt. No ser det ut som det vil vere natur på Markoppneset også sommaren 2022, og dei som vil gle seg over det som enno er og registrere enno betre, bør ta turen dit. Sommaren 2023 kan det vere for seint. Ikkje bare på grunn av Nussir, men på grunn av ammoniakfabrikken som Horisont Energi vil bygge på resten av industriområdet.

Ut frå den røynsla vi har gjort så langt, vil eg som naturvernar trekke to konklusjonar:

1. I alle utbyggingssaker er det viktig å følge nøye med på dei utgreiingane som er gjort eller ikkje gjort og nytte eit kvart høve til å slå ned på det om utbyggjar og styresmakter forsøker å kutte for mye i svingane og lure seg unna den løypa som slike saker skal følgje.
2. Botanisk kunnskap kan vere svært viktig i arbeidet for å verne naturen mot inngrep.

Svein Lund  
naturvernar og amatørbotanikar  
Guovdageaidnu